

Pleym takksam for Ingeborgprisen

Blei heidra for å ta Ryfylke til nye høgder.

■ VIDAR ELIASSEN

Torsdag i førre veke mottok Wenche Pleym Ingeborgprisen. Den tidlegare Ryfylke-redaktøren blei svært overraska då ho fekk beskjeden.

– Veldig. Tankane for gjennom hovudet. Eg spurde meg sjølv kva eg har gjort for å fortene ein slik pris, seier ho.

Føregangskvinne

Ingeborgprisen, som blir delt ut av Sauda og omegn Zontaklubb, går til ei kvinne som har markert seg i lokalmiljøet, vist samfunnsengasjement, og med dette vore eit førebilete for andre kvinner. Sjølv om Pleym har gjort seg gjeldande på fleire frontar i Sauda vog åra som Ryfylke-redaktør tyngst i avgjerda for at ho skulle få prisen.

– Det handlar om måten ho var redaktør på, ei oppgåve ho løyste på ein veldig god måte dei 20 åra ho sat ved roret. I løpet av si regjeringsstid bidrog ho sterkt til at avisa hadde ei rivande utvikling, seier Tora Helledal Fosstveit, leiar i Sauda og omegn Zontaklubb.

Ros og heider

Mange tok ordet for å heidre prisvinnaren, både for hennar faglege kompetanse, men også for omsorga ho viste overfor medarbeidarane. Tidlegare kollega Erna Abotnes trekte mellom anna fram Pleym sitt engasjement for at alle tilsette skulle behandlast likt.

– Rettferdssansen var veldig stor. Det skulle ikkje vere nokon forskjell på folk, seier ho.

Ektemannen Arne var også framme på talarstolen og takka for eit langt og rikt samliv som har vart i nesten 50 år. Sjølv synest 71-åringen at all rosen blei i meste laget.

– Ein veldig kjekk kveld. Men eigentleg er eg ikkje så glad i å vere i søkelyset sjølv. Eg trivst aller best i bakgrunnen, med penn og blokk i handa, smiler Pleym.



TAKKSAM PRISVINNAR: Leiar i Sauda og omegn Zontaklubb, Tora Helledal Fosstveit (til venstre) overrekte Ingeborgprisen til Wenche Pleym.

Klar visjon

Pleym starta i Ryfylke i 1973. Først som journalist og deretter som redaktør. Ho hadde ein klar visjon om kva ho ville med avisa i løpet av åra i sjefstolen.

– Eg ville lage ei avis som folk ville lese og som var verdt å betale for. Då ville også annonsørane kome. Når folk hadde valet mellom fleire aviser som låg på stovebordet var målet at Ryfylke skulle vere den første avisa dei plukka opp, fortel Wenche Pleym.

Kaffi og kaker

Eit rikt utval av kaffimat, loddsal og allsong stod også på programmet under dei to og ein halv timane arrangementet varte. Nils Kristen Herheim, Oscar Waage Pettersen, Sigmund Andersen og Astrid Espe-land stod for dei musikalske innslaga. Wenche Pleym er den ellefte kvinna som mottok Ingeborgprisen. Dei føregåande mottakarane er



TIDLEGARE MOTTAKAR: Fem mottakarar av Ingeborgprisen samla på eitt breitt. (Frå venstre) Aslaug Astad, Gerd Eriksen, Wenche Pleym, Grete Hovind Birkeland og Anne Marie Brekke.

Else Tangeraas, Kirsten Halvorsen, Ingebjørg Fløgstad, Berit Guggedal, Anne Marie Brekke, Aslaug Astad, Grete Hovind Birkeland,

Gerd Eriksen, Laila Stødle og Laura Selteit.